


# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Nr. 6 - DESEMBER 2009 41. årgang



*Julenummer*



Fest i Guds hus

side 4



Mot jul ved Sivdamsenteret

side 8



Bålkveld i novembermørket

side 9

## Bryne - Time - Undheim sokn

### Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77  
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks 51 77 03 60

Kyrkjekontoret, Parkvegen 2

Prost Kjell Børge Tjemsland tlf. 41 63 80 48

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 91 15 71 05

Prostiprest Gunnar Frøyland tlf. 95 87 38 47

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69

Diakon:

Sekretær Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Time sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 43 78 16

Sekretær Undheim sokneråd:

Herdís Lindal tlf. 48 02 73 04

Sekretær Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 90 19 38 25

Konsulent Tor Aase tlf. 51 48 34 82

Time kyrkje og kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne kyrkje tlf. 51 48 28 08

Prosjektleiar trusopplæring: tlf. 51 48 85 10

Jorunn M. Ueland

### Time

Organist: Oddny Underhaug tlf. 51 48 32 84

Kyrkjeterar: Marit Undheim tlf. 51 48 25 31

Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09

Klokkar: Sofie Braut tlf. 98 65 51 28

### Bryne

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 41 27 28 62

Kyrkjeterar: Alf Einar Weseth tlf. 99 61 91 21

Organist, Per Olav Egeland tlf. 51 48 66 68

Klokkar Leif Andenes

Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 93 83 16 23

Barne- og ungdomsarbeidar: tlf. 51 77 03 68

### Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 95 17 89 71

Leiar forsamlingsstyret:

Liv Heidrun Skaar Heskestad tlf. 51 48 86 70

### Undheim

Prest: Per Børge Hillestad tlf. 51 48 68 20

Kyrkjeterar: Hans Undheim tlf. 93 44 29 19

Soknerådsleiar: Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 45 55

Ungdomsarbeidar: Anders Undheim tlf. 51 48 43 07

tlf. 90 18 59 69

Besök vår nettsida:


**[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)**

e-post:

**[helgedagen@time-kyrkja.no](mailto:helgedagen@time-kyrkja.no)**

Framside: Lysnisje i Undheim kapell

# Til ettertanke



For eit år sidan førebudde eg julegudsstenestene saman med ein ivrig flokk sjetteklassingar. Tema var LYS og HÅP. Lysgloben i Nordstrand kyrkje, der eg arbeidde som prest, var flittig i bruk. Det var lettare å stå stille framfor globen med eit tent lys, enn å skulle forklara altfor mykje. Det elevane syntest var det finaste, var å avslutta samtalen i ring rundt lysgloben og høyra denne bøna av Eyvind Skeie: "Jesus Kristus, du verdens lys / vær nær hos alle barn som lever i redsel og angst. / La ditt ansikt lyse over alle dem som frykter mørket. / Send hjelbere til dem som lider vondt./ Vis oss hva vi skal gjøre for å bringe lys til andre."

Eg snakka med elevane om Kristuslyset midt i globen. Etter ei forteljing frå ei landsens kyrkje i Brasil begynte 6.klassingane å kalla det HÅPSLYSET. Forteljinga eg hadde hørt, er slik: På ei kveldsgudssteneste blei fleire stearinlys borne fram til altaret. Ein av deltakarane spurde kva lysa skulle symbolisera. "Glede", svara han som hadde tent det første lyset. Då svara ein annan at han ikkje visste kva glede var, han hadde mista sine næreste og var i djup sorg. Han gjekk fram og blåste ut lyset. Eit anna lys var tent for tillit, men ein kom fram og fortalte om svik og mistillit og blåste dette lyset ut. Eit tredje lys var tent for foreldrekjærleik, men eit foreldrelaust gatebarn kom fram og blåste dette

lyset ut. Slik heldt det fram til det bare var eitt lys igjen, svakt og blafrande. Dersom også dette lyset blei blåst ut, ville det bli heilt mørkt i kyrkja. "Kven er du?" blei det ropt. "Håpet!" svara han som hadde tent det siste lyset. Då blei det heilt stille i kyrkjerommet. Ingen kunne eller ville gjera ende på håpet. I staden blei dei andre lysa haldne bort til dette eine brennande lyset. Gjennom HÅPET fikk dei ny flamme og nytt liv.

Elevane grep raskt poenget i forteljinga: Vi kan tenna håpslys i vintermørket fordi Jesus Kristus er lyset for verda. "Vi avsluttar jo alltid med å be om velsigninga, og då er det Jesu ansikt som skal lysa over oss", sa ein av elevane. Og mitt ønske for kyrkjedane i Stavanger bispedøme er dette enkle, at vi må gjera bøna til vår: "Jesus Kristus, du verdens lys: La ditt ansikt lyse over alle som frykter mørket. Vis oss hva vi skal gjøre for å bringe lys til andre. Da kan vi se at det er Håpets ansikt som lyser over oss: Jesu Kristi ansikt.

Ei lys og velsigna julehøgtid!

**Erling J. Pettersen**

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else- Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid.

Layout og trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [gabriel.tengsareid@lyse.net](mailto:gabriel.tengsareid@lyse.net) og må vera oss i hende innan 11.januar. Neste nr. kjem ut ca. 1.februar.

Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen før fristen .

# Ein Salme

## Salme 706; KJÆRLEIK OG TENESTE

T: Bernt Støylen 1917, M:  
Melchior Vulpius 1609

Til kjærleik Gud oss skapte,  
til kjærleik hjarta trår.  
Dei livsens lukke tapte,  
som ei Guds kjærleik når.

2 Sin kjærleik Gud oss sender  
i Sonen, Jesus Krist.  
Dei som ei honom kjenner,  
har ljos og lukke mist.

3 Vår Herre gav oss livet  
og lukka dag for dag.  
Kva har me andre give  
av ljos og hjartelag?

4 Han gav oss nådedagar,  
sin rikdom til oss bar.  
Men mange går og klagar  
med hugen kald og hard.

5 Guds munn me skulle vera,  
hans hand og hjartelag,  
og Herrens gjerning gjera  
så lenge det er dag.

6 Han oss i hug og hender  
legg kjærleiks kraft og liv,  
og så han ut oss sender  
med det som han oss giv.

7 Det er den største æra  
som gjevest kan på jord:  
Guds kjærleiks tenar vera.  
Då livsens lukke gror.

8 Då veks den sanne gleda,  
då vert vår livnad ny,  
til eingong me får kveda  
vår lovsong over sky

Johanna Hauge ved pianoet i heimen sin. 87 år gammal dirigerer ho framleis pensjonistkoret og akkompagnerer ved mange ulike tilstellingar på Sivdamsenteret gjennom vekene. Her deler ho med oss minne frå ein lærarheim på Bryne og har valt sin salme.



### Min salme

Eg er vel ikkje den mest flittige kyrkjesongaren, men eg vil tru at det ikkje er mange som har spela så mange salmar som eg. Det er eitt av mine beste barndomsminne om far då han kvar søndagsmorgen tok fram fela, eg sette meg på den høge krakken ved "trøorgelet", og me tok fatt på salmane. Me hadde bare ei notebok i heimen, og det var Koralbok for den norske kirke frå 1927. Den spela me gjennom gong etter gong frå nr.1 til nr. 278.

Det var i det heile mykje song og musikk i vår heim. Alle me fire ungane spelte meir og mindre på fleire instrument. Me hadde vel ikkje råd til å gå i lære. Me lærte av kvarandre, fann ut av det meste sjølv og hadde mykje glede av å spela saman.

Eg kan ikkje minnast at eg var spesielt glad i ein salme då, men seinare har eg sett stor pris på den fine salmen frå 1917 av biskop Bernt Støylen. Til kjærleik Gud oss skapte. Alle verser er innhaldsrike, men eg vil serleg ta fram nest siste verset:

*Det er den største æra  
som gjevest kan på jord:  
Guds kjærleiks tenar vera.  
Då livsens lukke gror.*

**Johanna Hauge**



Velbrukt koralbok frå 1927

# Fest i Guds Hus

frå føreordet av Eyvind Skeie

Dette verket, med tekst av Eyvind Skeie og musikk av Geir Knutson, vart bestilt av Birkenes kyrkjelyd og uroppført i Birkenes kyrkje i advent 1997.

Tilfellet ville at føreordet til verket vart skrive i Baku i Aserbadjan, i eit av verdas eldste kristne kulturland. Skeie ser at den kristne kulturensov i dette landskapet, i gamle kyrkjeruinane med nesten forstøva gravstøtter, og der krossteikna berre så vidt kan skimtast.

Skeie ser tydeleg samanhanga mellom dette forfallet og faren for å missa kristne tradisjonar og kristne symbol i vår eiga tid. Dersom ein generasjon forsømmer dette, seier Skeie, så vil andre former og andre røyster ta over, og det kristne innslaget vil til sist tagna.

Advent og jul er den delen av den kristne årstids-tradisjonen som framleis har kraft og innverknad på folket vårt i stor skala, meiner Skeie, men han ser klare tendensar til at også denne høgtida vert svekka. Han meiner at julefeiringa kan ha ein tendens til å skyggja for adventsmotiva, slik at førebuingstida kan bli borte.

I denne messa er det difor adventstradisjonane som blir vektagde. Gudstenesta er bygd opp rundt viktige symbol og adventstekstar.

Advent er ei bots- og førebuingstid. Likevel har Skeie og Knutson valt å streka under fest og forventning. "Med en dirrende understrøm av bot er det lov til å glede seg til jul!"



MESSE I ADVENT

# Fest i Guds hus

Tekst:  
Eyvind Skeie

Musikk:  
Geir Knutson

## Adventsmesse "Fest i Guds hus"

**13.desember 2009 kl.11.00**

**i Time kyrkje**

Prest Stein Ødegaard  
Organistar: Per Olav Egeland og Oddny Underhaug  
Barnekor : Elevar frå Vestly skule  
Voksenkor: Blandakoret Jærklang

Musikkarar:  
Åse H Hetland Trompet  
Ragnhild Kvitvær Trompet  
Marita Stangeland Trombone

Songsolistar: Hilde Selvikvåg og Ingeborg Aarsland  
Døyparen Johannes: Lars Tore Helgeland  
Dans: Sunniva Grande  
Regi: Anne Grete Hognestad



## MØTEKALENDER Fotland bedehus hausten 2009

### Desember

- Fre. 11. Julemess NLM  
 Lør. 12. «  
 Man. 14. Bønnemøte



### 11.-12. desember JULEMESSE Fotland bedehus

Talarar: Espen Ottesen og Lars Skjæveland  
 Sangkrefter  
 Utlodning, varesalg og matsalg  
 Sjå kunngjering i Jærbladet i begynnelsen av desember.  
 Velkommen til alle!  
*NLM*

### Laurdag 2.januar 2010 kl. 13.00 JULETREFEST PÅ FOTLAND BEDEHUS

Dette året prøver vi noko nytt. Sundags-skulen og bedehuset slår saman sine juletrefestar og har ein i lag! Det blir opptrinn ved sundags-skulebarna, andakt, sang, gang rundt juletreet og god mat. Vi ønsker ALLE velkommen, store og små!

*arr: Fotland Sundags-skule, Bedehusstyret.*



### NYTTÅRSFEST I BRYNE KYRKJE NYTTÅRSAFTA KL. 20.00

Deltek på nyttårs gudsteneste kl. 23.00  
 Påmelding på kyrkje kontoret.  
 Begrensa antal.  
 Sjå Bryne kyrkje si heime side.  
[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)  
 Soknerådet



### Juletrefest for alle i Bryne kyrkje Laurdag 2.januar kl 15.00

Sjå program på heimesida.  
[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)  
 Soknerådet



### NYTTÅRS- KONSERT i Bryne kyrkje søndag 10.januar kl.18.00



Kor konserter  
der flere medlemskor i  
Norges Korforbund Rogaland  
deltar.

KOLLEKT  
der inntektena går til  
Haydom Lutheran Hospital  
i Tanzania.



Velkommen!



### Heilage Tre Kongars fest på Saron sundag 3. januar kl. 19.00

Tale av  
 prost Kjell Børge Tjemsland  
 Sang av DeKor.  
 Alle velkomne.  
*Det Norske Misjonsselskap*

### MINNE-GUDSTENESTE Sundag 10. januar blir det minne-gudsteneste i Time kyrkje kl. 19.00

ved prest Gunnar Frøyland og diakonvikaren. Vi minnest dei som døde frå oss i år 2009. Namna blir lest opp, det blir tent lys. Alle er velkomne.

### NASJONALT BØNNERÅD

Oppfordrer  
til bønn og faste  
1.-31. januar 2010.

Finn ut hvor det er åpent  
bønnested i ditt fylke;

Se [www.bonnogfaste.com](http://www.bonnogfaste.com)

# Å VERA MED PÅ



## MISJON OG ISRAEL Israelsmisjons- kontaktane på Jæren inviterer til samling om misjon og Israel

Laurdag 23. januar til sundag  
24. januar 2010 med  
Forskar, bibelskolelærar og  
tidligare misjonær Torleif Elgvin

### Laurdag 23. januar kl. 14.00 – 16.00 i Bryne kyrkje

#### Seminar med tema:

- a) "Jødisk lys over Hebrearbrevet og Johannes openberring"
- b) "Jesus i møte med jødiske grupper og autoritetar"

kl. 19.00: Møte på Fotland bedehus med utlodning

### Sundag 24. januar i Bryne kyrkje

kl. 11.00 Gudsteneste. Tale v/Torleif Elgvin

kl. 19.00 (merk tida):

Tale v/Torleif Elgvin

Sang: Hananja fra Varhaug

Misjonsinformasjon og aktuelt fra Israel

Det blir enkel servering

Offer til evangelisering blant jødar

Vel møtt

*Evangeliet skaper fred mellom  
menneske og fred med Gud*



### Tysdag 26.januar kl.19.00 vert den nye kyrkjelydsprofilen

gjort kjent på ein open temakveld i  
Bryne kyrkje.

Veiledar Morgan Fjelde deltek, saman med stab og sokneråd.  
- NaMu-komiteen i Bryne



Undheimbygda og  
Rune Larsen  
inviterer til

## KONSERT OG SANGKVELD

med DeKor og  
Evy/Jan Jonassen

29. januar 2010 kl.19.30 i  
Undheim idrettshall

– Dette blir ein stor dag for bygda vår, seier kyrkjelyds

Både det lokale koret «Dekor» og Evy og Jan Jonassen med band er altså med, så det er eit breitt engasjement i bygda for denne kvelden. Hallen rommar ca. 1000 menneske, så her det plass til mange! Set allereie av datoene og kom. Alle er velkomne. Dette er for heile Jæren! Alt overskot går til ungdomsarbeidet i bygda.

Du kan forhåndskjøpa billettar på kyrkjelydkontoret og på Undheim Handelslag. Perfekte julegåver!

Arrangør er Undheim idrettslag og  
Undheimkyrkja (ved soknerådet)

Kvelden er gjort mogleg av:

**TIME SPAREBANK**  
*-for Jæren*

**REFSNES PLANTESALG**  
GARIBORG • Tlf. 51 48 71 52 • Mob. 48 03 27 05

**BYGGMESTER  
HERSDAL AS**

**Undheim Handelslag**

**SAGAbo**  
HUS FOR NORSKE FORHOLD


**JÆREN HOTELL**



**Konsert og  
gudsteneste  
med Kjell Elvis  
i Bryne kyrkje**

**Set av andre helga i februar**

Då er det duka for møte med Elvis sin gospelmusikk – gjennom ein unik tolkar og formidlar: Kjell Elvis - artisten som høyrest ut som Elvis, ser ut som Elvis, og skaper stemninga Elvis var kjend for. Kjell Elvis er europameister, nordisk meister og bronsevinnar i VM i Elvis-imitasjon.



Til Bryne kyrkje kjem han til konsert **laurdag 13.februar kl.19.30 med hovudvekt på** Elvis som gospelsangar– og forhåpentlegvis eit overskot til Ungkyrkja.

**På kveldsgudstenesta sundag 14.februar** deltek han med gospel og i allsong. Då vil også Sigbjørn Reime gje eit fagleg innblikk med tema: Elvis på det beste.

Bryne sokneråd

## Julekule for kule Bryne



Fotomontasje: Liv Ragnhild Lassen

### Spontant i forbifarten

- *Gud har ikkje lova oss ei spåkule til å sjå framtidia i, men å gå ved sida av oss kvar dag*
- Gud ser oss med gode auge
- Snø på Bryne ! – eit Guds under
- *Bryne, en liten verden for seg selv – men også del av Guds store verden*
- Bygge Guds rike
- Det skal vera høgt til taket med plass for alle
- ***Du, eg e' så galen at eg tykkje' høghuse e' fint***
- En himmel over Bryne
- ***Som snøfnugg daler ned fra himmelen utøser Gud vennlig sin nåde***
- ***Bryne midt på kloden.***
- ***Ja, høghuse e' fint. Me får heva blikket over fem etasjars murkolossal***

# Mot jul ved Sivdamssenteret



Aktivitetsleiar Tone Lise Vaule

## SMIL, OMSORG OG SERVICE

Alle vekedagane kjem folk til Sivdamssenteret. Dei kjem i bil og til fots, med rullator eller krykke, frå tidleg føremiddag. - Her er det tilbod og aktivitetar for mange menneske. Dertil er det glidande overgangar mellom det å vera brukar og medarbeidar, fortel Tone Lise Vaule, aktivitetsleiar ved senteret dei siste åtte åra. Ho gler seg til å gå på arbeid kvar dag. Smil, omsorg og service, nemner ho som stikkord for kva dei tilsette ynskjer skal prega kvardagen på huset og vera arbeidsfilosofi. - Det trengs mykje entusiasme her. Ein må yta for å nyta, gi for å få, kjem det ettertenksamt frå aktivitetsleiaren.

## MANGE TILBOD

Tilboda i Sivdammen velferdssenter er bygt opp over ein 15 års periode og har i dag ein sentral funksjon i mange sitt liv. Tone Lise Vaule gir gjerne ros til Time kommune, både politikarar og administrasjon. - Dei fylgjer godt opp og senteret er godt vedlikehalde. Her er alt lagt til rette for at folk kan møtast gjennom veka til mange aktivitetar: Song, korsong, trim og fysisk trening, seniordans, sosiale- og andre kulturtildobod. Eg droppar inn i eit rom der ei stor gruppe sessa rundt langbordet er intenst oppteken med kunstnaren Victor Sparre sitt liv og hans kunst. Det er ei samtalegruppe med Maria Hauge, tidlegare biblioteksjef, som ressursperson. Ved middagsbordet etterpå formidlar Maria Haavik entusiastisk mykje ny kunnskap om Sparre vidare til meg. Alder er ingen hindring for nytt påfyll, tenkjer eg. Og påfyll er viktig for alle. Det gir gode ringverknader.

Her er det mange fjåge eldre. Sivdamssenteret er som heim nummer to for veldig mange. Når pensjoniståra innhentar oss og ein gjerne bur aleine, kan dagane bli lange. Kommunen har også mange tilflyttarar utan den nære familien tett på. Sivdammen velferdssenter er ein oase i Bryne sentrum, flott plassert ved Frøylandsvatnet. Det osar god atmosfære når du kjem inn her. - Men alle røde dagane er senteret stengt, seier Tone Lise, og tenkjer nå spesielt på jul og nyttår. - - -



Samtalegruppa frå v.: Kari Solberg, Bergljot Haukås, Klara Skjærpe, Ingeborg Søyland, Eldrid Norheim, Ingolf Lygren, Maria Haavik, Astrid Skjeldbred, Gusten Pedersen og Maria Hauge.

## Bordfellesskap

Det duftar frå kjøkkenet. Er juleførebuingane alt i gang?

- Ja her vert det bakt julekaker i god tid. Heile adventstida ser me fram mot jul, akkurat som me gjer det heime. Det vert pynta og stelt. Til og med persesylte vert laga på huset. Mange nyttar seg av desse tilboda, så ved middagstider er det folksamt. Det ser ut som mange går til faste plasser som var dei ved stovebordet heime. Her er det både god mat og godt lag. Rett og slett veldig koseleg .

## Song og glede


Mange av oss har lytta til pensjonistkoret, med sin dirigent Johanna Hauge. Koret har alle øvingane sine på senteret, og det skjer kvar veke. Eg kjenner meg ganske trygg på at ingen i dette koret treng songhefte i handa når julesongane skal syngjast igjen. Dei syng ved samlingar "på huset," men også andre stader. På jubileumsgudsstenesta i Time kyrkje nyleg, song fem medlemmar frå pensjonistkoret med i ein koral frå kantaten som var skriven av Alfred Hauge til 100 års jubileet i kyrkja. Då, for 50 år sidan, var dei også med på jubileet og song i Bryne damekor.

## Julebasar og julegudsteneste

Onsdag er aktivitetsdag med handarbeid og stor innsats. Nå er det innspurt til julesal og basar. Produksjon til denne dagen føregår gjennom heile året og er noko alle ser fram til. Inntektene går til drift av senteret.

Seint i adventstida er det julefest med rømmegraut, og gudsteneste julafesta er også fast. Då møter alltid ein stor menighet. I år vert Rosseland skulekorps med. Dei kjem til å spela julemusikk i god tid før gudstenesta startar. Alle tilsette ynskjer så underleg at advents- og juletida må verta god for kvar ein som vankar på Sivdamsenteret.

emb



**STØRST AV ALT**  
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KIRKE

## Bålkveld i november-mørket

- stor oppleiving for 5.klassingar i Størst av alt!

Med Bryne KFUK-KFUM-speidarar som vertskap for bålkvelden, var vi visse på at alt låg til rette for spennande kveld. For speidarane er utekveldar i haustmørkret heilt normalt. For mange av juniorkonfirmantane frå Time, Undheim og Bryne var dette ei ny oppleiving! Ikke minst for Undheimspresten, som nok er meir fortrolig med fotballsko enn turklede, var dette ei ny erfaring. Brann-songen fekk ikkje samme gjenklang som "Lys våken"-songen til juniorane. Speidarane song speidarbøna så heile skogen vart full av andakt.

Stor takk til KFUK-KFUM-speidarane som la opp turen! Kjempeflott at de vil dele litt av speidarlivet med juniorane i "Størst av alt"!

Jorunn Ueland





R2S har foreløpig satsa mest på følgjande felt:

- evangeliseringsteam i samarbeid med organisasjonen Jews for Jesus. Norske ungdomar får opplæring og erfaring gjennom teamarbeidet, som spesielt har vore knytt til store New Age –festivalar i Israel i samband med dei jødiske høgtidene
- freds- og forsoningsarbeidet Bridgebuilders, eit prosjekt for unge israelarar, palestinrarar og nordmenn i alderen 20-25 år
- voluntørteneste for norsk ungdom i Israel
- haldningsskapande og undervisande forkynning om den kristne trua sine jødiske røter

R2S er eit tverrkirkjeleg nettverk som i løpet av tre år har fått stor kontaktflate og som samlar unge frå breie lag innan norsk kristenliv.

Du kan lesa meir på [www.return2sender.no](http://www.return2sender.no) og <http://www.bridgebuilders.no/>

Arne Berge

## return2sender

**Ungdomsnettverket return2sender (R2S) i  
Den Norske Israelsmisjon er ein del av  
misjonsprosjektet i Bryne kyrkjelyd.**

R2S er unge menneske som er blitt engasjert av ei felles sak: å bringa evangeliet tilbake dit me ein gong fekk det frå. Me ønskjer å støtta desse ungdomane med forbøn og økonomi. Derfor har Bryne sokneråd vedtatt at misjonsprosjektet som me har i samarbeid med Israelsmisjonen, skal ha eit delt fokus; kyrkjelydsarbeidet i Immanuelskyrkja i Tel Aviv (75 %) og ungdomsnettverket return2sender (25 %).

R2S tar utgangspunkt i eit historisk faktum: Jesus var jøde. Dei første disiplane var jødar. Dei første som delte bodskapen om Jesus med andre folkeslag var også jødar. Likevel er det i dag bare få jødar som kjenner bodskapen om Jesus. Dette er ei stor utfordring som R2S har tatt tak i og som bevegelsen ønskjer å setja fokus på i ulike kristne ungdomsmiljø.

R2S er eit relativt nytt nettverk som blei starta sommaren 2006. Samtidig er R2S solid forankra i Den Norske Israelsmisjon, den nest eldste misjonsorganisasjonen i Norge, og har derfor lange røter og eit solid erfaringsgrunnlag å byggja på.

# Bibeldagsprosjektet 2010: Cuba



*Frå ein pinsekyrkjelyd på Cuba*

## På Bibeldagen den 31. Januar 2010

Oppmodar Bibelselskapet kyrkjelydane til å fokusera på Bibelen og til å samla inn midlar til bibelmisjonsarbeidet på Cuba.

Alberto Gonzales er pastor i ein av de større pinsekyrkjelydane i hovudstaden Havana. Kyrkjelyden Iglesia Biblia Abierta (Open bibel-kyrkje) har, som mange cubanske kyrkjelydar, opplevd ein sterk vekst i dei seinare åra. Pastor Alberto kom sjølv til tru i 1990. Då hadde kyrkjelyden 59 medlemmar, i dag har han over 1000!

*"Då kommunismen braut saman i Aust-Europa oppstod det på mange måtar ei identitetskrise på Cuba òg," seier pastor Alberto. "Mange søkte etter ei mening med livet, og svært mange fann henne i kyrkja. Før var det slik at intelligente menneske ikkje skulle tru på Gud. Det vart sett på som noko mindreverdig, og ein såg ned på dei kristne. I dag er dette heilt annleis."*

Det er vanskeleg å få tak i nær sagt alle slags varer på Cuba. Og etterspurndaden etter biblar og kristen litteratur er stor. Nye bibler må importerast, og då det vert bøkene dyre for den vanlege cubanaren. Med støtte frå bibelselskapet i andre land distribuerer Bibelmisjonen i landet biblar til kyrkjelydane, som sel dei vidare. Ein bibel vert til vanleg seld for 10 pesos. Det svarar til om lag ei dagløn for mange cubanarar, eller om lag det same som 10 egg kostar.

**På Bibeldagen 2010 vil vi spesielt samla inn pengar til biblar til ungdom, sundagsskulemateriell, materiell til leiaropplæring og utskifting av bil til Bibelkommisjonen.**

Les meir på nettstaden [www.bibeldagen.no](http://www.bibeldagen.no).

## Vegen tilbake til Gud

*"For så elskar Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!. Joh. 3,16*

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen.

# 30 dagers bønn og faste for Norge

Bønneledere fra hele landet oppfordrer alle kristne som ber til å sette av 1.-30.januar 2010 til en felles bønn- og fastekampanje for landet vårt.

Nasjonalt Bønneråd, som består av bønneledere fra de fleste landsdekkende bønnenettverk i Norge var samlet i Levanger på Nordic Mission 21.-22.september. Alle bønnenettverk i Nasjonalt Bønneråd stiller seg bak og arbeider for denne bønn og fasteksjonen. Det arbeides med å få bønneledere og bønnemøter i hvert fylke i januar 2010.

## Hvordan skal dette skje?

- Det skal ikke være så avansert, sier Ruth Iren Grimstad, bønneleder i Oase. Vi skal «gå på kne» i våre kirker, bedehus, i fellesskapet, husgruppa og andre steder der vi til vanlig samles til bønn. I hvert fylke vil det være steder, «bønnearter», der forbederne og lovsangerne kan samles fra alle kirkesamfunn for å søker Gud i enhet. Vi vil legge ut på nettsiden [www.bonnogfaste.no](http://www.bonnogfaste.no) en enkel bønnemanual og hvor det bes i ditt distrikt, fylke eller region.

- Fokus for denne måneden skal være bønn om tilgivelse, omvendelse og renselse, sier bønneleder i UIO, Hanne Eliassen. Hvis det skal bli en åndelig oppvåkning i vårt land, må det begynne med oss som Guds folk. Vi må omvende oss fra både stolthet, avmakt og likegyldighet. I følge Daniel 9, kan vi bekjenne vår egen og folkets synd, og be om nåde over landet vårt. Noen vil faste helt, andre delvis. Noen vil danne en bønn- og fastekjede og ta en dag hver, noen grupper vil ta en uke hver med faste, andre faster fra TV, shopping eller annet som tar oppmerksomheten bort fra bønnen, avslutter Hanne.

Hjelp fra Afrika og Kina. I Afrika vil det under denne måneden være over tusen forbedere som vil faste og be for Norge. Pastor Jesse Karanja, som leder et 24/7 Bønnesenter i Nakuru, Kenya, har fått Norge veldig lagt på hjertet sitt, og har et stort bønnenettverk i Afrika. Han har gjentatt ganger vært i Norge og bedt, bla. under Pinse for Alle, der han og et afrikansk team reiste med Bønnbusen gjennom hele landet, fra Lindesnes til Nordkapp og ba. Han kaller denne aksjonen for «Prayer and fasting for the deliverance of the land of Norway» og har med seg mange forbedere fra flere afrikanske land. Han vil selv, sammen med bønneteam fra Kenya, reise rundt i Norge og støtte i bønn i januar. Over en million kinesere ber for Norge, og regner seg som en direkte eller indirekte frukt av norsk misjonsarbeid i Kina. Det jobbes også med å aktivisere dette nettverket til bønn i denne måneden.

## Hvordan kan jeg være med?

- Først og fremst ved å be! Samle vennene dine til bønn i januar, - i din menighet, fellesskap, husgruppe eller familie. Prøv å kom sammen så mye som mulig til bønn i løpet av denne måneden, og hvis du kan faste – gjør det. Er det et sted i mitt fylke der jeg kan komme og be? Klikk deg inn på [www.bonnogfaste.no](http://www.bonnogfaste.no) og se hvor bønnealteret/bønnemøtene skal være i din region/fylke.

## Gjevarteneste

- Barne- og ungdomsarbeid i Bryne, kto.nr. 3325.25.07057.
- «Vi gjev» - diakonalt arbeid i Time kto.nr. 3325.21.30859.
- Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste ungdomsarbeidar, Undheim kto.nr. 3325.21.55657.
- Undheim kapell - gåver kto.nr. 3325 25 08959
- Frøyland-Orstad kyrkjelyd, kto.nr. 3290.60.44179
- Kyrkjebygg Frøyland-Orstad kto.nr.3325.25.09270
- Ungdomsarbeidar på Lye kto.nr. 3325.25.04260
- Stikk innom vår heimeside <http://www.time-kyrkja.no>

**JÆREN MISJONSSTUDIO** Nærradioen med godt nytt

Trygghemsveien 13, 4365 Nærø, Tlf.: 51 43 32 22

**Sender på**  
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

**Sendetider**  
**Mandag:** 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
**Tirsdag:** 08.30 - 09.00  
**Onsdag:** 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
19.30 - 21.00  
**Torsdag:** 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45  
**Fredag:** 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirken SOS**  
ETT Menneske Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

# Ny kvalitetsundersøking av Bryne kyrkjelyd

Bryne kyrkjelyd ønskjer å vera ein kyrkjelyd i utvikling og vekst. Som ei hjelpe til sunn utvikling har kyrkjelyden i fleire år vore knytta til eit opplegg som vert kalla "Naturlig Menighetsutvikling" (NaMu). Opplegget vert brukt av meir enn 50 000 kyrkjelydar i over 70 land. Hensikten er å bidra til ein sunnare kyrkjelyd og slik skapa kyrkjelydsvekst.


Ein del av opplegget består i å kartlegga kyrkjelyden sin "helse-tilstand". Det er nå gjennomført ei anonymisert spørjeundersøking av 30 tilfeldige, aktive kyrkjemedlemer.

Undersøkinga er datahandsama og har gitt ein "kyrkjelydsprofil" der kyrkjelyden blir målt på 8 kvalitetsprinsipp: Livsnære grupper, Varme relasjoner, Hensiktsmessig struktur, Engasjert trusliv, Inspirerande gudsstenester, Utrustande ledarskap, Nådegavebasert teneste og Behovsorientert evangelisering.

**Tysdag 26.januar kl.19.00** vert den nye kyrkjelydsprofilen gjort kjent på ein open **temakveld i Bryne kyrkje**. Veiledar Morgan Fjelde deltek, saman med stab og sokneråd.

- NaMu-komiteen i Bryne

## Årets julegave!



## Jubileumsboka - ei gåve til glede

### På kyrkjeveg - Time kyrkje 1859 – 2009

Jubileusboka på "På kyrkjeveg" er ei vakker bok. Fotografen på Bryne, Trond Ueland, har tatt mange nye bilet. Frå gamal tid har teikningar og fotografi kome med. Kanskje kjenner du deg sjølv att på eit bilet. Kanskje ser du ein bestefar eller ei gamal tante. Kanskje ser du att eit motiv som hentar fram dine eigne minne.

Lisabet Risa har skrive kyrkja si historie. Du får vita det meste som er å vita både om kyrkjhuset og inventaret. Mykje spennande lokalhistorie og kulturturhistorie er knytt til kyrkja. Ikkje få Timebuarar har namnet sitt knytt til kyrkja si historie. Boka er viktig for den som vil kjenna Time kommune.

Seks lokale personar har skrive om sitt forhold til kyrkja. Du får møta kyrkja og kva ho har å seia for dei, gjennom augo til menneske i ulik alder. Kven dei er? Det får du vita når du opnar boka.

"På kyrkjeveg" er ei bok du vil glede deg over. "På kyrkjeveg" er ei bok du vil glede andre med. Du kan kjøpa den hos bokhandlarane Orre Libris, Koinonia og Bok og Media, eller på Time kyrjekontor.

Boka kostar kr. 300,-.

Hus for norske forhold

**SAGAbø**  
HUS FOR NORSKE FORHOLD

Jernbanegaten 9, 4340 Bryne  
tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no

TIME SPAREBANK  
-for Jæren

WACO

Forsikringsmegling as



**M44**

Besteforeldres drøm –  
Når vi skal skjemme bort  
prinser & prinsesser



Torggt. 2, 4340 Bryne  
Tlf: 51 77 76 00  
Telefaks: 51 48 51 03



**Hareland Solskjerming AS**

Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935  
E-post: per.hareland@lyse.net

Innvendige persiener  
Utvendige persiener  
Lamellgardin  
Rullegardin  
Plisségardin  
Screenduk  
Markiser  
Terrassemarkiser  
Gratis måltaking!

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

**ek** Glassmesterforretning  
Einar Knutsen as  
Postboks 149, 4349 Bryne

TLF. 51 48 02 11.

DØGNERVICE 971 78 180



**EL-TEAM**  
Elektroentrepreneur

**STEIN & HAGESERVICE**  
BRYNE

Håland, 4340 Bryne tlf. 4000 7889

**MØBELRINGEN**

I. Bjørnsen A/S  
Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20



Alt i bøker, musikk, rekvisita,  
kort og hobby i Storgata



**Serigstad Bygg**

**Johansen Elektriske as**  
Postboks 510 - 4349 Bryne  
Tlf: 51 48 01 01

**JÆRPRINT**  
TRYKKERI & DESIGN

952 99 844



**EiendomsMegler**  
JÆRMEGLEREN

# NMS Gjenbruk Bryne

Hognestadvegen 3



## Opningstider:

mandag/fredag kl. 11 - 18  
lørdag kl. 11 - 14.

*Velkommen til å levera varer og kjøpa!*

Tlf. 951 06 028



i bjørnenshuset på torget  
bryne • 51485333

INTERFLORA  
[www.studiobломst.no](http://www.studiobломst.no)

Bryne Elektriske

Hognestadveien 88, 4340  
Bryne - Tlf. 51 77 92 00



Tlf. 51 48 15 50, Storgt. 19, Bryne



**Krogedal**  
Begravelsebyrå

Våre medarbeidere på Jæren:  
Holger Kjølvik, Runar Apeland,  
Brikt Goa og Borgny Å. Skretting

Døgnvakt  
Tlf. 51 97 29 00  
[www.krogedal.no](http://www.krogedal.no)



Fokus Bank

**Koinonia**  
KOINONIA BOK OG MUSIKK

Motehuset Bryne Torg  
Storgata 10-12 – 4340 BRYNE  
Tlf. 51486520



Bryne  
Begravelsesbyrå

Tlf.: 51 77 80 80

Vi ønsker å bidra  
til en verdig gravferd

[www.brynebegravelsebyra.no](http://www.brynebegravelsebyra.no)  
Reeveien 34, 4340 Bryne  
Døgnvakt



**FRETEX**

Vi gir folk grunn til  
å tro på framtiden



Jubileum 1949 - 2009

**60 år i Israel**



Magne Solheim på audiens hos Israels president  
Shimon Peres, i forbindelse med utgivelsen av den  
første Hele Hebraiske Bibel, trykt og utgitt i Bibelens  
land.

[www.israelsmisjonen.no](http://www.israelsmisjonen.no)

Den Norske Israelsmisjon  
Kontakt: 3000 15 24425

Vil du gi en gave  
til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis  
du vil den skal gå til noe  
spesielt.

[www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)



**BLIF ADDER!**

[www.misjonsalliansen.no](http://www.misjonsalliansen.no)

• 22 94 26 00

misjonsalliansen

# "Om Garborgane

## og Timekyrkja"

Frå eit foredrag av førstekonsulent, Sigbjørn Reime,  
i Time kyrkje i høve 150årsjubiléet - februar 2009:



### Sitatet er frå Knudaheibrev (1904)


.../ Stridt var det ofte når eg skulle til kyrkja; eg hadde så mykje heime å stella med. Men når eg kom til kyrkja gløynde eg dette. Det var gildt å sitja og sjå på folket etterkvart som det kom inn; eg kjende dei fleste, om eg ikkje alltid visste namna.

Ikkje mindre gildt var det når presten kom på stolen. Presten, Gunnerus, eller Gunnerius som folk sa, var i grunnen ein snill mann, om han elles var noko "hastig" av seg; det gjekk endå soger om at han i yngre dagar hadde teke på folk og banka dei opp, når sinnet fekk makta. Det skulle ikkje vera noko vidare hovud på Gunnerus; dermed hadde han måtta ta prestevegen, endå han ikkje kunne tala reint. Det høvde seg så vel at eg skjøna ikkje presten vår. Han hadde liksom Moses eit tungt mål, stotra og stama og "tala ikkje reint, så ein skulle vera gløgg om ein kunne skilja Gudsordet hans. Ingen venta det av meg. Så kunne eg med godt samvit brukta augo meir enn øyro, berre eg sat noko-så-nær still då.

Og i kyrkja var der nok å sjå etter. Altertavla med alteret og blæjo var det gildaste; og så var det prekestolen; og prestalemmen med prestafrua og prestabòdno, som var mange og mangeleis laga, somme vaksne og somme halvvaksne og somme småe, men bykledde og fine alle; og jentene hadde hattar på lag som gutane. Venast var dei minste, totte eg.

Klokkarstolen og stolane for medhjelparar og skulemeistrar granska eg vel; det kunne henda det var framande der, og det stundom fine framande. Klokkaren heldt eg særskilt godt auga med; det var han som styrde kyrkja. Han las bøna både først og sist, og styrde songen, og kledde på og av presten, og song og sa amen både her og der; den første eg såg var gamleklokkaren, han frå Vestly; så var det Sven Mauland, den første seminarlærerde, og til slutt Vellesen. Sidan tok eg det eg kunne få med av kyrkja elles; dessverre var stolen vår no. 4 frå kordøra og dermed altfor langt framme, så det var mykje eg ikkje kunne sjå.





# Julebønn

*Kjære Jesusbarn - kom inn til meg og vær min julegjest.  
Jeg kan ikke gi deg glitter eller storslått julefest.  
Se mitt liv som gikk i stykker, mange nederlag og svik.  
Gi meg du av håp og varme, det er du som gjør meg rik.*

*Kom og pakk inn mine smerter i ditt juleglanspapir,  
la meg så få kjenne julefreden, Herre, som du gir.  
La meg drømme om at noen byr meg opp til juledans  
i en julepyntet stue og i kjærlighetens glans.*

*Juletreet bort' i parken, det er også pyntet nå.  
Julesnøen kom i natt og drysset blanke stjerner på.  
Jeg vil nynne julesanger, la min tanke sveve fritt.  
Jeg vil drømme om at dette juletreet det er mitt.*

*Julestjerne, lys for meg, ta meg i din favn.  
Julekrybbe, Jesusbarn, kjære si mitt navn.  
La mitt teppe julekvelden være vakker englesang.  
Løft meg opp og la meg kjenne hellig hvile på ditt fang.*

Ingunn Heggland Solheim , 2008

Men eg hev sett meir enn ventande skulle vera. Eg kjende til slutt mest heile sokna. Av lemmane (galleria) greidde eg den på venstre handa, der den meste vaksne ungdommen sat; der hadde eg alltid mykje å sjå etter. Kvinnfolksida nedpå golvet hadde eg meir møde enn moro av; ikkje kjende eg mange der, og dei eg kjende kunne eg knapt ta att, når dei sat der kyrkjekledd i snipp og huve. Då vart hovuda så lange og smale, og andleta så smale og bleike, at dei ofte vart reint ulike seg; det var jamvel stundom berre så vidt eg kjende att mor mi. Dei gjekk med snipp jentene au, det fyrste eg minnest; men han vart avlagd meir og meir, og kom bort på resten.

Mest moro var det å sjå på dei gamle mennene. Somme var høge og strake og heiltopp vene. Men mange var små og rare og krokete, med snaue store skallar og kvitt eller kvitflekk skjegg, og løgne små nasar med vorter og hårflisar,

eller med små hårdottar som tøygde seg fram or nasebora liksom buster; og andlet med utrulege rukker og valkar; og augo små og gule eller store og raudsprengde. Dei sovna ofte, desse gamlingane, når presten kom noko ut i preika, og kunne då stundom vera reint løgne å sjå på.

Elles kom folket godt til lags med Gunnerus; dette kom vel òg mykje av at han hadde slik ei snill og folkeleg frue. Gunnerus var prest på Lye alt til han døydde; det er den siste presten som er gravlagd ved Timekyrkja. /.../

*For ordens skuld: Dette skrev Garborg i 1902.  
Sokneprest Caspar Hennig og kona Gyda vart  
seinare gravlagde her, på sørsida av kyrkja.*

# DØYPTE - VIGDE - DØDE



## DØYPTE

### BRYNE KYRKJE

Hans Petter Åse Lothe, Magnus Rikstad, David Stabel Sørskog, Frida Eeg Tunes, Hilde Eeg Tunes

### TIME KYRKJE

Guro Bøe Friestad

### LYE FORSAMLINGSHUS

Olav Kalberg, Adrian Fosseli Nygaard

### UNDHEIM KAPEL

Tobias Rosland

### BORN FRÅ TIME DØYPTE

### ANDRE STADER:

Marthine Finnås Wold, Hana kyrkje

## VIGDE

Therese Stiansen og Gisle Oddane, Kirsten Solveig Kingestad og Kjetil Undem, Marit Karoline Wist og Kjell Særheim

## DØDE

Solveig Skjæveland, Marit Åsland, Tomas Øksnevad, Kurt Stensland Berge



## Skyss til gudstenesta

### BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima  
51 48 21 33

Jonas Frøyland  
41 30 04 68

før kl. 10.00.

### TIME KYRKJE:

Dortea Haugland  
51 48 70 04

før kl. 09.30.

### Sundag 6. desember

Bryne kyrkje  
Bryne kyrkje  
Lye forsamlingshus kl. 10:30  
Undheim kapell

### 2. s.i.a.

kl. 11:00  
kl. 18:00  
Gudsteneste. Dåp  
kl. 10:30

### Luk 12, 35 – 40

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng  
Sundagstreff. Gudsteneste kl. 19:00  
  
Gudsteneste. Dåp

### Sundag 13. desember

Bryne kyrkje  
Time kyrkje

### 3. s.i.a.

kl. 19:00  
kl. 11:00

### Matt 11, 11 – 19

Kveldsgudsteneste. Nattverd  
Familiegudsteneste. Fest i Guds hus

### Sundag 20. desember

Bryne kyrkje  
Lye forsamlingshus  
Undheim kapell

### 4. s.i.a.

kl. 11:00  
kl. 10:30  
kl. 14:00

### Joh 3, 26 – 30

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng  
Gudsteneste.  
Syng julia inn

### Julafta 24. desember

Bryneheimen  
Sivdamsenteret  
Bryne kyrkje  
Bryne kyrkje  
Bryne kyrkje  
Time kyrkje  
Time kyrkje  
Time kyrkje  
Undheim kapell

kl. 10:00  
kl. 11:00  
kl. 14:30  
kl. 15:45  
kl. 17:00  
kl. 14:30  
kl. 15:45  
kl. 17:00  
kl. 14:30

### Luk 2, 1 – 14

Gudsteneste  
Gudsteneste  
Familiegudsteneste  
Familiegudsteneste  
Gudsteneste  
Familiegudsteneste  
Familiegudsteneste  
Gudsteneste  
Festgudsteneste

### Juledag 25. desember

Bryne kyrkje  
Time kyrkje

kl. 12:00  
kl. 11:00

### Joh 1, 1 – 14

Høgtidsgudsteneste. Dåp  
Høgtidsgudsteneste. Dåp



Velkommen til  
gudsteneste

## Skyss til gudstenesta

**BRYNE KYRKJE:**  
Sverre M. Lima  
51 48 21 33

Jonas Frøyland  
41 30 04 68

før kl. 10.00.

## TIME KYRKJE:

Dortea Haugland  
51 48 70 04

før kl. 09.30.

<b>2. juledag 26. desember</b>	Undheim kapell	kl. 10:30	<b>Apgj 7, 52 – 60</b> Høgtidsgudsteneste
<b>Sundag 27. desember</b>	Time kyrkje	s.e.jul kl. 11:00	<b>Joh 1, 16 – 18</b> Gudsteneste. Dåp
<b>Nyårsafta 31. desember</b>	Bryne kyrkje Undheim kapell	kl. 23.00 kl. 22:45	<b>Joh 14, 27</b> Midnattsgudsteneste Midnattsgudsteneste
<b>Nyårsdag 1. januar</b>	Time kyrkje	kl. 11:00	<b>Matt 1, 20 – 21</b> Høgtidsgudsteneste. Nattverd
<b>Sundag 3. januar</b>	Bryne kyrkje	kl. 11:00	<b>Luk. 2, 41 – 52</b> Fellesgudsteneste Bryne og Time. Dåp
<b>Sundag 10. januar</b>	Lye forsamlingshus Time kyrkje Time vgs Undheim kapell	kl. 10:30 kl. 19:00 kl. 11:00 kl. 10:30	<b>Joh 1, 29 – 34</b> Gudsteneste Minnegudsteneste Gudsteneste Gudsteneste
<b>Sundag 17. januar</b>	Bryne kyrkje Bryne kyrkje Time kyrkje	kl. 11:00 kl. 18:00 kl. 11:00	<b>Joh 4, 5 – 26</b> Familiemesse. Dåp. Nattverd. Sundagstreff. Gudsteneste kl. 19:00 Gudsteneste. Dåp
<b>Sundag 24. januar</b>	Bryne kyrkje Lye forsamlingshus Undheim kapell	kl. 11:00 kl. 10:30 kl. 10:30	<b>Vingardssundagen</b> <b>Luk 17, 7 – 10</b> Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng Gudsteneste Gudsteneste.
<b>Sundag 31. januar</b>	Bryne kyrkje Time kyrkje	kl. 11:00 kl. 11:00	<b>Såmannsdagen</b> <b>Mark 4, 26 – 32</b> Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng Familiegudsteneste. Nattverd
<b>Sundag 7. februar</b>	Bryne kyrkje Lye forsamlingshus Undheim kapell	kl. 11:00 kl. 10:30 kl. 10:30	<b>Kr. forkl. dag</b> <b>Joh 17, 1 – 8</b> Familiegudsteneste. Dåp. Bankers deltek. Gudsteneste Gudsteneste
<b>Sundag 14. februar</b>	Bryne kyrkje Time kyrkje Time vgs.	kl. 19:00 kl. 11:00 kl. 11:00	<b>s. før faste</b> <b>Joh 12, 24 – 33</b> Kveldsgudsteneste. Nattverd Gudsteneste. Dåp Gudsteneste

# Til kyrkje - jul og nyttår



Jula er den store kyrkjhøgtida her i landet. I Time er det råd å koma til kyrkje mange gonger i julehelga.

## **Julafta**

Bryneheimen	kl. 10.00
Sivdamsenteret	kl. 11.00
Bryne kyrkje	kl. 14.30, 15.45 og 17.00
Time kyrkje	kl. 14.30, 15.45 og 17.00
Undheim kyrkje	kl. 14.30

## **Juledag**

Bryne kyrkje	kl. 12.00
Time kyrkje	kl. 11.00

## **2. juledag**

Undheim kyrkje	kl. 10.30
----------------	-----------

Alle gudstenestene i jula er fylt av song og musikk. Me hører og syng dei kjende og kjære songane og får møta nyare songar med eit anna språk i tekst og tone.

Julafta er gudstenestene i Bryne og Time noko ulike. Dei to første er tradisjonelle julaftagudstenester med barna i fokus. Den siste gudstenesta er meir til stille ettertanke. Her er mykje song og musikk og preika er meditativ. Dette er gudstenesta for dei som ynskjer å gå eit steg ut av travelheita.

Parkerings. Ved Bryne kyrkje vert det fort kaos. Fint om me kan praktisera einvegskøyring. Køy inn ved Solberg elektriske og ut om Shellstasjonen. Ikkje blokker vegen. Lytt til parkeringshjelparane.

## **Nyårsafta**

Bryne kyrkje	kl. 23.00	Midnattsgudsteneste
Undheim kapell	kl. 22:45	Midnattsgudsteneste

## **Nyårsdag**

Time kyrkje	kl. 11:00	Høgtidsgudsteneste. Nattverd
-------------	-----------	------------------------------

***God jul og godt nytt år i heim og kyrkje!***